

## Søknad om dispensasjon frå arealdelen i 1263-201002 Områdeplan Knarvik senter

I samband med bygging av oval rundkøyring i Knarvik må eksisterande nettstasjon NS 20072 Knarvik Eldrebustader flyttast. Det er i arbeidet med tilførselsvegen til rundkøyringa frå Nordhordlandshallen/senteret det blir konflikt. Statens vegvesen må grave heilt inntil veggen på nettstasjonen og er redd fundamentet skal rase ut. Dei har derfor bestilt flytting av nettstasjonen. Arbeidet deira er i tråd med gjeldande reguleringsplan 12063-201702. Det er Alver kommune som er grunneigar for noverande plassering og framtidig plassering. Vegvesenet, Alver Kommune og BKK Nett har vurdert flyttinga på felles synfaring der det var semje om ny plassering. Eksisterande nettstasjon forsyner i dag deler av Knarvik sjukeheim, eldrebustadene, Knarvik terminal og det gamle rødekors bygget/legekontoret. For å kunne oppretthalde lovpålagte krav til kvalitet på straum å spenning hjå den enkelte kunde, er det begrensingar i kor lang nettstasjonen kan flyttast.

Ny plassering av nettstasjonen blir på Gnr. 188, bnr. 257 i reguleringsplan nr. 1263-201002 Områdeplan Knarvik senter i området o-BIN1. Her er det i dag planlagt ei utviding av parkeringsplassen og nettstasjonen blir plassert på den inn mor skråninga opp til sjukeheimen. Nettstasjonen får dermed ein mindre dominerande plassering enn kva dagens plassering er.

I områdeplanen sine føresegner pkt. 3.1.18 som omhandlar blant anna nettstasjonar står det: «Nettstasjoner skal byggjast som ein integrert del av bygg.» BKK Nett har i dag ei velfungerande plassering av nettstasjonen som frittstående nettstasjon. Det er vedteken områdeplan som forårsakar behovet for flytting. Det er ingen bygg som er under oppføring og som nettstasjonen kan flyttast inn i. Slik me ser det fint det inga anna løysing enn å etablera ein ny prefabrikkert nettstasjon.

BKK Nett søker med dette om dispensasjon frå arealdelen i områdeplan Knarvik senter for ny plassering av nettstasjon vist på vedlagte kart: 360340 – kart plassering nettstasjon.

Det blei sendt nabovarsel i samsvar med kvittering for nabovarsel den 30.08.2021. Det er pr. 17.09.2021 ikkje komme inn merknader til tiltaket.

### Argumenter for dispensasjon:

- Straumforsyning er ein del av offentleg infrastruktur. Nye områdeplanar/reguleringsplanar må ha opning for å ivareta eksisterande infrastruktur når det er den nye planen som krev endringa.
- I planomtalen pkt. 10.9 er moglegheitene for plassering utvida frå føresegnene. Teksten her er: «nettstasjoner skal integrerast i bygg eller uteområdet». Den nye plasseringa av nettstasjonen er inn mot ein skråning. Nettstasjonen blir såleis meir tilbaketrukket og ikkje så dominerande som den er i dag. Noko som er i tråd med områdeplanen.
- Under arbeidet med vegen skal det gravast heilt inntil eksisterande nettstasjon. Vegvesenet ser det som vanskeleg å sikre seg mot at fundamentet for nettstasjonen rasar ut. Det at nettstasjonen forsyner både eldrebustadene og deler av sjukeheimen gjer at det er viktig å ha god kontroll på arbeidet for å unngå straumstans som ikkje er planlagt og tilrettelagt for.
- Nettstasjonen er eit lite bygg i denne samanheng (2,3x3,3m) og vil såleis ikkje vera til hinder for at området blir brukt slik det er tenkt til likevel.
- Foreslått, ny plassering av nettstasjon er det som Alver kommune v/Atle Dingen er til minst hinder for gjennomføring av Områdeplanen for Knarvik senter.

- BKK Nett pålagt å oppretthalde straumforsyning til eksisterande kundar og levere innafør gjeldande krav til kvalitet på straum og spenning. For å klare å overhalde dei krava betyr avstand til kundane mykje. Kundar med store uttak, må liggje nærare nettstasjonen enn kundar med små utak. Nettstasjonen kan derfor ikkje flyttast langt vekk uansett retning for å klare å oppretthalde leveringsbetingelsane.

Ingvard Jordal  
Saksbehandlar

# Electronic signature

**Signed by**

**Jordal, Ingvard**  
Norwegian BankID

**Date and time**

*(UTC+01:00) Amsterdam, Berlin, Bern, Rome, Stockholm, Vienna*

17.09.2021 14.11.42

---

This document is signed electronically.

The electronic signature is legally binding. This page is added to provide basic information about the electronic signature(s), and the signed document can be read on the following page(s). Attached is also a PDF with more detailed information about the electronic signature(s), and also an XML file with the contents of the signature(s). The attachments can be used to verify the electronic signature(s) if needed.